



Kornettistar under seminarstarten på fredagskvelden: Frå venstre bak sit Eirin Kjærland, Marita Kjærland, Ingebjørg Haugland og Karoline Isdal Amundsen.

**Å halda minst eit helgeseminar kvart halvår er avgjerande for at skulemusikken i Uskedalen skal halda på sin gode standard og komma vidare. Difor satsast det skikkeleg på desse seminarane både med omsyn til fagleg innhald og sosial ramme. Det fekk også uskedalen.no eit bestemt inntrykk av under seminaret på skulen denne helga. Medlemstalet er 23 akkurat no. Dei var læreviljuge og synte god disiplin**



Dirigent Liv Signe Bleie Ulvestadbakken i aksjon under seminaret i helga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal skulemusikk har frå 1986 vore eit reint brassband og aktiviteten har sidan omleggjinga vore stort sett god sjølv om medlemstalet har skifta noko men vore stabilt mellom 20 og 30.

Eit betydeleg problem for ikkje lenge sidan var at korpset sakna ei slagverk-gruppe. Men så fekk det hjelp frå heller overraskande, men gledeleg hald: Ove Eikemo stilte opp som instruktør! Bømlingen, som bur på Valen, er best kjend som bassgitarist i det populære bandet EDO.

- Men eigentleg er eg kornettist, avsløra han for uskedalen.no i ei pause i helga. Han synes det er triveleg å møte fram til tirsdaysøvingane i Uskedalen og slagverk-gruppa, som no består av Stian S. Myklebust, Katrine Y. Røssland og Julie G. Myklebust, har gjort store framsteg. Sidan gruppa vart etablert har to gått ut medan ein ny har kome inn.

Ove fortel at han tidlegare var instruktør i fleire korps, men no konsentrerer han seg om uskedalingane og tykkjer det er kjekt.

- Blir det ikkje stritt å kombinere dette med EDO-engsjementet?
- Slett ikkje, Uskedalsjobben er berre ein gong i veka og band-deltakinga er noko for seg sjøl. Den har nærmast vorte ein livsstil gjennom dei 12 åra som faktisk har gått sidan eg vart medlem av EDO i 1995.
- Og dykk tenkjer ikkje på å bli profesjonelle?
- Nei for all del, det ville bli ein mager kvardag!

Dei andre instruktørane som var i aksjon denne helga i tillegg til dirigent Liv Signe Bleie Ulvestadbakken var Magnhild Haugland (all round), Birgitte Helleland (all round), Karl Øyvind Kristiansen (kornett) og Knut Steinsletten (trombone). Eit solid støtteapparat vart leia av styremedlem Gerd Ingunn Bauge. Det er forresten berre jenter i styret!

Skulemusikken har faktisk for tida ingen vald leiar samstundes som dei manglar to styremedlemmer. Men det er slett inga krise og fråveret av mannfolk ser heller ikkje ut til å vera nokon alvorleg ulempe!

Gerd Ingunn fortel at det no også ser betre ut med omsyn til rekruttering. Det siste året har dei hatt berre ein aspirant, men no blir det kanskje fem.



Den 14. april er ein ny viktig dag for skulemusikken, for da kjem sjølvaste Frank Jakobsen for å halda trommeseminar. Dagen etter skal den tradisjonelle basaren som har så mykje å seia for økonomien haldast.

Eigentleg skulle korpset spela i Matre den 23. april, ved opninga av den nye kraftstasjonen, men den har vorte utsett til i juni. Dermed er 17. mai den første store oppgåva og alle vonar at nasjonaldagen ikkje blir så våt som i fjor!

Om helga 8.-10. juni står det i aktivitetsplana at dei planlegg å dra til Vossafestivalen!

Slagverk-gruppa består no av Stian S. Myklebust, Katrine Y. Røssland og Julie G. Myklebust. (frå venstre mot høgre)  
Heilt til venstre sit instruktør Ove Eikemo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Av Ola Matti Mathisen



Dei let det stå til med trombonar og tuba: Frå høgre Birger Bauge, Kaja Døssland, Knut Steinsletten (instruktør) og Thomas Halvorsen.

